



Arkivnr: 2015/5615-1

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.06.2015

Omstillingsmidlar 2015**Samandrag**

Då fylkesutvalet vedtok «*Handlingsprogram for næringsutvikling i H 2015*» 19. februar 2015, vart det lagt til grunn at det skulle nyttast inntil 3 mill. kroner til omstillingsarbeid for 2015. I handlingsprogrammet var det peika på at fleire oljeselskap har varsle reduserte investeringar dei neste åra, noko som har sett fleire underleverandørar i petroleumsindustrien under press. Allereie i fylkesutvalet 19. juni 2014 spurde Sveinung Valle om korleis fylkesrådmannen stiller seg til desse utfordringane. Til møtet i fylkesutvalet 24.09.2014 la fylkesrådmannen fram ei orienteringssak (RS 143/2014) om at HOG Energi var engasjert for å gjennomføre ei kartlegging av situasjonen for å få betre oversikt over situasjonen, og for å få fram næringsaktørane sitt syn på kva for tiltak som bør settast i verk. Den endelige rapporten blei levert frå HOG Energi i slutten av april og presentert for fylkesutvalet i møtet 19. mai (RS 75/2015). Kartlegginga viser at situasjonen for delar av bransjen er svært alvorlig. Noko som vert bekrefta i siste utgåve av Næringsbarometeret som var lagt fram 22. mai i år. Fylkesrådmannen har difor supplert årets omstillingsmidlar med midlar som fylkesutvalet tidlegare har sett av til å dekka framtidige omstillingsbehov som følgje av større negative endringar i næringsutvikling/sysselsetjing i kommunar eller regionar. I tillegg er det lagt til tilbakeførte midlar frå tidlegare omstillingstiltak, slik at det samla sett er 10,4 mill. kroner til disposisjon. Fylkesrådmannen legg fram forslag om at 5,0 mill. kroner vert brukt på tiltak for å møte utfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa i Hordaland. Tiltaka og korleis midlane skal nyttast er lagt fram som eiga sak til dagens møte i fylkesutvalet. Dei resterande midlane vert sett av til framtidige omstillingsbehov i kommunar eller regionar.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtar slik fordeling av omstillingsmidlar i 2015:

1. Inntil 5,0 mill. kroner vert brukt på tiltak for å møte utfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa i Hordaland
2. Inntil 5,4 mill. kroner vert sett av til framtidige omstillingsbehov i kommunar eller regionar.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å sette i verk omstillingstiltak.

Prosjekta må vere tidsavgrensa slik at nye prosjekt kan kome inn og få støtte.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.06.2015

Fylkesrådmannen viser til vedtak i Fylkesutvalet 20.02. 2014 der 4,0 mill. kroner av omstillingssmidlane på totalt 6,0 mill. kroner for 2014 omfordelt til regionale næringsfond. Dette hadde samanheng med at dei statlege overføringane ikkje lengre hadde øyremerka midlar til regionale/kommunale næringsfond. Resterande 2,0 mill. kroner vart nytta til finansiering av omstillingsprosjekt i Fedje og Masfjorden.

For budsjettåret 2015 har Kommunal- og regionaldepartementet i si tildeling av regionale utviklingsmidlar lagt til grunn ei ramme på 3 mill. kroner for omstillingsarbeidet i Hordaland. Det er ein reduksjon på 3 mill. kroner frå året før. Reduksjonen skuldast i hovudsak ein reduksjon av denne posten i statsbudsjettet. I tillegg fekk Hedmark, Telemark, Møre og Romsdal og Nordland meir av den nasjonale ramma, medan særleg Hordaland og Finnmark fekk mindre. Hordaland sine statsmidlar til omstilling er no dei lågaste sidan fylkeskommunen fekk ansvar for midlane i 2003.

OMSTILLINGSSPROSJEKT I 2014

Omstilling på Fedje 2015 – 2016 (orientering, ikkje naudsynt med ny løvving)

Fylkesutvalet løvde i 2012 inntil 1,2 mill. kroner til fase 2 i omstillingsprogrammet for Fedje. Søknadsprosessen tok tid og kommunen kom først i gang med søknadsprosessen i 2014. Omstillingsarbeidet er no godt i gang, og målet er å styrke Fedje som reiselivskommune, til gode for eksisterande og komande næringsdrivande, så vel som for ålmenta. Prioriterte tiltak er å få på plass naudsynt infrastruktur som sikrar vidare utvikling av sentrum, utbetring av Nordsjøløypa og auka kompetanse om reiseliv.

Omstilling i Masfjorden 2012 – 2014 (orientering, ikkje naudsynt med ny løvving)

Omstillingsarbeidet i Masfjorden vart starta opp i 2007. Fase 1 vart avslutta i 2010, men på grunn av mellom anna byte av prosjektleiar vart fase 2 sett i gang først i 2012. Arbeidet i prosjektet har eit langsiktig perspektiv for å få til folketalsauke, utvikling av Masfjorden som regionalt reisemål og styrke fellesskap og samarbeid gjennom satsing på infrastruktur, trygg ferdsel, samarbeid mellom ulike aktørar og gode nærmiljø. Omstillingsprosjektet er no avslutta og kommunen har levert sluttrapport.

FRAMTIDIGE OMSTILLINGSBEHOV

Næringsbarometeret for Hordaland i mai 2015 bekreftar at uroa i oljenæringa pregar næringslivet i Hordaland. Dette får naturleg nok konsekvensar for eit fylke der ein tredel av produksjonen, og kvar femte arbeidsplass er knytt til olje- og gassklynga. Verksemndene ventar lågare etterspurnad frå petroleumsindustrien. I bygg og anlegg og transport og engros er det venta lågare ordretilgang frå kundane i petroleumsindustrien. Innanfor bygg og anlegg trur fleire at reduksjonen blir vesentleg. Også i industrien og i finansiell- og forretningsmessig tenesteyting trur nær halvparten av verksemndene at ordretilgangen vil gå ned. Rapporten frå HOG Energi og ei rekke medieoppslag stadfestar at situasjonen for næringslivet er mykje vanskelegare no, enn den var då representanten Valle tok opp denne saka i fylkesutvalet for eitt år sidan.

Etter fylkesrådmannen sitt syn er det viktig å merke seg at problema for denne bransjen ikkje berre er ein konsekvens av låg oljepris. Fleire av oppseingane og innsparingane i oljeservicebransjen er delvis grunngjevne med høgt kostnadsnivå i Noreg samanlikna med andre land, og dei siste åra har det også vore ein aukande tendens til utflagging av verksemder for å spara kostnader. Sektoren er med andre ord prega av strukturelle problem med eit kostnadsnivå som ikkje er berekraftig på lang sikt, og som hadde utvikla seg som følge av høgt aktivitetsnivå over fleire år. Fallet i oljeprisen hausten 2014 forsterka desse problema. Sjølv om leverandørindustrien framleis har ei god framtid på Vestlandet, må dei strukturelle problema løysast med omstilling, innovasjon og nyskaping. Fylkesrådmannen føreslår difor at 5,0 mill. kroner av midlane som er sett av til omstilling vert brukt på tiltak for å møte omstillingsutfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa i Hordaland. Framlegga til tiltak er beskrive i eiga sak til dette møtet i fylkesutvalet.

I fylgje Telemarksforsking er fleire kommunar i Hordaland i den mest sårbare gruppa av norske kommunar. Endringane innan offshore- og oljeservicebransjen vil truleg forsterka sårbarheita i nokre av desse

kommunane. Særleg kystkommunar vil bli påverka av konjunkturnedgangen i desse bransjene, men nærliek til ein større og meir dynamisk og diversifisert bu- og arbeidsmarknadsregion vil truleg dempa dei negative effektane for kommunane som ligg nært Bergen. Etter fylkesrådmannen sitt syn bør difor resten av årets omstillingsmidlar – 5,4 mill. kroner – setjast av til framtidige omstillingsbehov i kommunar eller regionar.

Med utgangspunkt i dei utfordringane leverandørindustrien står overfor, vil truleg behovet for midlar vere langt større enn dette. I det årlege brevet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om behovet for omstillingsmidlar for neste år vil fylkesrådmannen fokusere på behovet for midlar til omstilling i leverandørindustrien. Dersom fylkeskommunen får tilført midlar i budsjettet for 2016, vil fylkesrådmannen komme attende til fylkesutvalet om disponeringa av desse midlane.